

## **Silda Velforening – Styremøte**

Møte: 17. april 2014

Tilstade: Jan Silden, Kjell Rune Gangsø, Geir kvalheim og Paul Sundnes.

Varerepresentant Jorun Sætren forsøkt innkalla, men var ikkje på øya.

Hensikten med møtet var å fastsette rammer for årsmøtet 2014.

Via e-postmøte var årsmøtet fastsett til laurdag 19. april.

Leiar: Kjell Rune hadde ordna med innkalling, ved plakat, og framlegg til sakliste og budsjett.

Valnemnda er sett i arbeid.

Årsmelding var utarbeidd av Paul Sundnes og Kjell Rune Gangsø.

### **1. Årsmøte**

Det vart drøfta litt omkring punkta på saklista . Saklista vart godkjend.

### **2. Valnemndsarbeidet.**

På val til styret er: Kjell Rune og Jan

Unni Silden hadde fått ja til renominasjon av Jan og Kjell Rune som styremedlemar, men med klart atterhald om at Kjell Rune ikkje stiller som styreleiar.

Det har vore kontakt med Ole Sætren om han kan stille som styreleiar. Unni har fått ja under føresetnad at det vert for eit år.

Det må vere ei målsetting å få yngre inn i styret.

Vedtektene har slikt krav til styresamansetting «minst 3 styremedlemar.....»

Styret tilrår at styret i komande år vert på 5 medlemar.

### **3. Prosjekt, det kan bli spørsmål om på årsmøtet**

#### **Bergensbåten anløp Silda på fredagar**

Telefon februar 2013, fekk då beskjed om at Norled først måtte få erfaring med ruta.

Brev vart send til Norled i november, ingen reaksjonar motteke.

Det må takst kontakt direkte med trafikksjefen i Norled evt. true med å bruke media.

Paul prøvar ein gong til.

#### **Kulturstien.**

Arbeidet som vart starta i 2012 og vidareført 2014 må ferdigstillast i sommar.

Stien rundt Jonshaugen må ryddast på tilsvarande måte som Kulturstien.

Stien rundt Djupevågen bør ryddast.

Skiltplanen (utarbeid av Paul) bør forenklast. Prioritere skilt det stiar delar seg, elles færrast mogleg skilt. Jan undersøker om ASVO kan levere skilt

Dei skilta som står bør friskast opp med måling, Geir kunne ta på seg jobben.

#### **Lyktestolper til Skjærbuda.**

Vert stil i bero

#### **Skuleplassen.**

I samband med kabellekking over plassen må ein nytte sjansen til å få ei grundig opprydding/opprensking av gras og mose, etc.

Dersom det kjem grus til øya må plassen gruast opp. Her må silda Velforening dekke kostnaden. Det må etter opprydding vurdere innkjøp av leikeapparat om det kan finnast støtte. Godt søknadsprosjekt for MarineHavest-fondet.

#### **Andre prosjekt.**

Silda vel bør prioritere prosjekt som kan kome alle til nytt

Paul Sundnes

-ref-